



**Telemark**  
FYLKESKOMMUNE

# Retningslinjer for skuleskyss



**Grunnskule**

## Retningslinjer for skuleskyss i grunnskulen

### **Versjon:**

1.0

Godkjent av fylkesdirektøren si leiargruppe 22.04.2024.

### **Revisjon:**

# Innhold

<b>1. Forvaltningsrutinar .....</b>	<b>4</b>
1.1. Behandling av personopplysningar (GDPR).....	4
1.2. Kjeldetilvising.....	4
1.3. Søknad .....	5
1.4. Søknadsfrist .....	5
1.5. Saksbehandling.....	6
1.6. Saksbehandlingstid .....	6
1.7. Klagetilgang .....	7
1.8. Barnet sitt (eleven sitt) beste og retten til å bli høyrd .....	7
1.9. Omgjering av vedtak.....	8
<b>2. Organisering av skuleskyssen .....</b>	<b>8</b>
<b>3. Ansvarsforhold fylkeskommune/kommune.....</b>	<b>9</b>
3.1. Fylkeskommunen sitt ansvar .....	9
3.2. Kommunen sitt ansvar.....	10
<b>4. Skyssrett .....</b>	<b>11</b>
4.1. Skuleskyss mellom heim og skule.....	11
4.2. Skyssgrenser .....	11
4.3. Avstandsmåling dør til dør .....	11
4.4. Tidspunkt for skyss .....	12
4.5. Akseptabel reise- og ventetid.....	12
4.6. Skyss for elevar ved privatskuler .....	13
4.7. Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.....	13
4.8. Vaksne elevar med rett til grunnskuleopplæring.....	14
4.9. Vaksne minoritetsspråklege elevar utan rett til skyss.....	15
4.10.Skulefritidsordninga (SFO).....	15
4.11.Barn under opplæringspliktig alder/førskulebarn.....	15
4.12.Barn med framskunda eller utsett skulestart.....	16
4.13.Målformgrupper .....	16
4.14.Leksehjelp i grunnskulen .....	16
4.15.Skyss til/frå behandling .....	16
<b>5. Ulike typar skuleskyss .....</b>	<b>16</b>
5.1. Skyss med kollektivtilbodet .....	17
5.2. Skyss med båt .....	17
5.3. Skulereisekort.....	17
5.4. Gangavstand til/frå kollektivtilbod - tilbringarskyss.....	18
5.5. Manglande kollektivtilbod.....	18

5.6. Skyssgodtgjering.....	19
5.7. Tilrettelagd skuleskyss.....	19
<b>6. Bustaden til eleven .....</b>	<b>20</b>
6.1. Folkeregistrert adresse.....	20
6.2. Innlosjering.....	20
6.3. Skuleskyss ved delt bustad.....	21
6.4. Avlastingsbustad.....	22
6.5. Fosterheimar .....	22
6.6. Mellombels bustad.....	22
6.7. Elevar busette i institusjon.....	23
6.8. Elevar som bur fleire stader i samband med næringsdrift.....	23
6.9. Elevar som bur i asylmottak .....	23
6.10. Busette flyktingar .....	24
<b>7. Skulen til eleven .....</b>	<b>24</b>
7.1. Nærskule.....	24
7.2. Skulegang ved annan skule enn nærskulen.....	24
7.3. Alternativ opplæringsarena.....	25
7.4. Rehabilitering av skulebygg.....	25
<b>8. Elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom .....</b>	<b>26</b>
8.1. Skyss for elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom .....	26
8.2. Skyss for elevar med mellombels skade eller sjukdom .....	27
8.3. Krav om legeattest .....	27
8.4. Busstrening for elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom.....	28
8.5. Elevar i avlastingsbustad .....	28
8.6. Skyss før skuledagen er over .....	29
<b>9. Reisefølge/ledsager og tilsyn.....</b>	<b>29</b>
<b>10. Andre tema.....</b>	<b>30</b>
10.1. Utstyr.....	30
10.2. Skadar forårsaka av elev.....	30
10.3. Inndraging av retten til skyss.....	31
10.4. Streik.....	31
10.5. Uventa hendingar .....	31
10.6. Trygt og godt skulemiljø .....	31

# 1. Forvaltningsrutinar

Fylkeskommunen har overordna ansvar for lokalt kollektivtilbod og skuleskyss.

I desse retningslinjene blir hovudtrekka i aktuelt lovverk rundt skuleskyss beskrivne.

Retningslinjene kan gi aktuell informasjon om skuleskyss til kommunar, skular, elevar, føresette og andre interesserte.

Det blir også vist til nettsida vår [www.telemarkfylke.no/skoleskyss](http://www.telemarkfylke.no/skoleskyss)

Fylkeskommunen si saksbehandlinga blir utøvd i tråd med dei til kvar tid gjeldande lovene, reglar og retningslinjer for skuleskyss.

## 1.1. Behandling av personopplysningar (GDPR)

Kjelde: Personopplysningslova artikkel 6 nr. 1 bokstav e), artikkel 9 nr. 2 bokstav g).

Når det blir søkt om skuleskyss, blir det lagra personopplysningar. Grunnlaget for behandlinga av personopplysningar i samband med søknad om skuleskyss, er heimla i personopplysningslova artikkel 6 nr. 1 bokstav e) og artikkel 9 nr. 2 bokstav g). Fylkeskommunen har i tillegg utgreiingsplikt i samsvar med forvaltningslova kapittel 3-5, det vil seie plikt til å få kvar enkelt sak tilstrekkeleg opplyst før vedtak fattast. Alle personlege opplysningar blir forsvarleg lagra og fortruleg behandla.

Når vi behandlar personopplysningar, gjeld ei rekkje lovfesta rettar. Dette gjeld mellom anna rett til å be om innsyn i personopplysningar og rett til korrigering av feilaktige eller ufullstendige personopplysningar. Viss søkjaren ønskjer å få innsyn i personopplysningane sine, kan søkjaren kontakte fylkeskommunen skriftleg på e-post [post@telemarkfylke.no](mailto:post@telemarkfylke.no). Ver vennleg og merk førespurnaden med «Personopplysningar».

Dersom søkjar har innvendingar på måten fylkeskommunen behandlar personopplysningar på, kan søkjar klage på behandlinga til datatilsynet. Kontakt datatilsynet på e-post; [postkasse@datatilsynet.no](mailto:postkasse@datatilsynet.no).

## 1.2. Kjeldetilvising

- Forvaltningslova
- Opplæringslova
- Prop. 57 L (2022-2023)
- Privatskulelova

## Retningslinjer for skuleskyss i grunnskulen

- Barnelova
- Barnevernloven
- Barnehagelova
- Barnekonvensjonen
- Vegtrafikklova
- Helse- og omsorgstenestelova
- Skadeerstatningslova
- Personopplysningslova
- Folkeregisterlova
- Lovforarbeid og meldingar frå Stortinget og regjeringa
- Rundskriv, brev, rettleiarar og tolkingsfråsegner frå Utdanningsdirektoratet og aktuelle departement
- Vedtekter for transport med rutegåande busstrafikk i Noreg (fraktvedtekter)
- Regelverk for skuleskyss i Telemark fylkeskommune

Kjeldene omfattar i tillegg til lovføresegnene også tilhøyrande forskrifter og kommentarar. Kjeldetilvisinga er ikkje uttømmande.

Det kan ha komme lovendringar, tolkingar eller presiseringar, som ikkje er omtalte i denne versjonen av retningslinjene. Ved motstrid mellom gjeldande lovverk og desse retningslinjene, går lovverket alltid føre retningslinjene.

### 1.3. Søknad

Kjelde: Forvaltningslova kapittel 3-6

Føresette til grunnskuleelevar som meiner å ha rett på skuleskyss må kontakte skuleadministrasjonen. Skulen registrerer deretter søknad om skyss for eleven. Alle nødvendige vedlegg/dokumentasjon må ligge føre før skulen kan leggje inn søknad, og dokumenta blir lasta opp samtidig med søknad. Søknader som ikkje er fullstendig utfylte eller opplyste, kan bli avslått.

Det må søkjast om skuleskyss på nytt i forkant av kvart skuleår.

### 1.4. Søknadsfrist

Søknadsfrist for elevar i grunnskulen er 1. april kvart år.

Dersom det blir søkt etter denne fristen, kan fylkeskommunen ikkje garantere at skyssen er klar til skulestart i august.

## 1.5. Saksbehandling

Kjelde: Forvaltningslova kapittel 3-6

For grunnskuleelevar har fylkeskommunen og kommunen ulike ansvarsområde. Fylkeskommunen/kommunen skal gjere vedtak for den skyssen kvart av forvaltningsorgana er ansvarlege for. Eit organ kan ikkje gjere vedtak på vegner av eit anna. Vedtak fatta av feil forvaltningsorgan er ugyldig.

Vedtak om skuleskyss er eit enkeltvedtak i samsvar med føresegnene i forvaltningslova. Det skal gjerast enkeltvedtak før eventuell skyss blir sett i gang. Vedtaket er gyldig for den perioden som blir angitt i vedtaket, inntil eitt skuleår.

Innvilga søknad eit tidlegare skuleår kvalifiserer ikkje til skyssrett seinare skuleår. Dersom reglane eller føresetnadene for skyss blir endra, gir ikkje tidlegare vedtak og praksis presedens (til dømes kontrollmåling av avstand eller endring av busstilbod).

Fylkeskommunen skal sjå til at saka er tilstrekkeleg klargjord før enkeltvedtak fattast (utgreiingsplikt). Søkjar er sjølv ansvarleg for at søknaden og eventuell dokumentasjon/vedlegg inneheld alle nødvendige og relevante opplysningar.

Mangelfull dokumentasjon på skyssbehovet til eleven kan føre til at søknaden blir avslått. Nødvendig dokumentasjon må leverast på nytt for kvart skuleår.

Fylkeskommunen sine saksbehandlarar for skuleskyss har teieplikt etter føresegnene i forvaltningslova.

## 1.6. Saksbehandlingstid

Kjelde: Forvaltningslova kapittel 3-6

Søkjar må akseptere saksbehandlingstid før vedtak om skuleskyss er klart.

Fylkeskommunen nyttar saksbehandlingstida til å greie ut saka og gjere vedtak.

Elev/føresette må sjølv organisere eventuell skuleskyss i saksbehandlingstida.

Det skal givast førebels svar dersom ein søknad/føresurnad ikkje kan svarast på i løpet av ein månad frå han er motteken, jf. føresegner i forvaltningslova.

## 1.7. Klagetilgang

Kjelde: Forvaltningslova kapittel 6, opplæringslova § 29-1

Vedtak om skuleskyss er enkeltvedtak.

Eit enkeltvedtak kan klagast på av ein part eller annan med rettsleg klageinteresse i saka innan tre veker frå det tidspunktet vedtaket er gjort kjent for søker.

Klaga må bli retta til det forvaltningsorganet som har gjort vedtaket. Elevar som har fått vedtak frå kommunen, må sende eventuell klage direkte til kommunen.

Klage på vedtak gjorde av fylkeskommunen blir send til: Telemark fylkeskommune, postboks 2844, 3702 Skien. Klaga merkast med «skuleskyss», og sendast til fylkeskommunen i konvolutt eller via eDialog (sikker digital post).

Dersom forvaltningsorganet ikkje tek klaga til følge, blir saka send over til behandling hos Statsforvaltaren. Statsforvaltaren sitt vedtak er endeleg og kan ikkje klagast på.

## 1.8. Barnet sitt (eleven sitt) beste og retten til å bli høyrd

Kjelde: Opplæringslova kapittel 10, Barnekonvensjonen, forvaltningslova, Udir-2-2019

Barnekonvensjonen art. 3 og art. 12 og forvaltningsloven § 17, presiserer at alle barn har rett til å bli høyrd i saker som omhandlar dei. Eleven sitt beste skal vere eit grunnleggjande omsyn.

Omsynet til eleven sitt beste er ein rett, eit grunnleggjande omsyn og ein saksbehandlingsregel. Eleven sitt beste skal ha større vekt enn andre omsyn, men det vil ikkje nødvendigvis vere avgjerande. I vurderinga av kva som er eleven sitt beste, vil oppfatninga til eleven vere sentral. Det er likevel ikkje alltid at meininga til eleven eller foreldra er til det beste for eleven.

Alle elevar har rett til å bli høyrde i saker som omhandlar dei. Dette gjeld uavhengig av alder eller føresetnader. Det må alltid vurderast om eleven er høyrd godt nok i saka eller om ein må høyre eleven sjølv. Utgangspunktet er at fylkeskommunen/kommunen skal høyre eleven direkte, men eleven kan også høyrast gjennom objektive personar, foreldre, gjennom brev m.m. Det kan også tenkjast at stemma til eleven kjem tydeleg nok fram i annan dokumentasjon. Eleven har ikkje ei plikt til å uttale seg.



## 1.9. Omgjering av vedtak

Kjelde: forvaltningsloven § 35

Fylkeskommunen gjer merksam på at dersom fakta i saka endrar seg eller at vedtaket er gjort på bakgrunn av feil og/eller mangelfulle opplysningar, kan vedtaket endrast eller opphevast med bakgrunn i forvaltningsloven § 35. Dette kan gjelde dersom det kjem fram nye opplysningar som er viktige for rettsgrunnlaget.

## 2. Organisering av skuleskyssen

Kjelde: Opplæringslova kapittel 4 og 21, Udir-2-2019, vegtrafikklova

Skuleskyssen blir utført i samsvar med føresegnene i vegtrafikklova med tilhøyrande forskrifter.

Skuleskyssen blir fortrinnsvis organisert med ordinær kollektivtransport som buss, båt eller tog. I nokre tilfelle blir heile eller delar av skyssen utført med taxi, taxibåt eller av føresette.

Fylkeskommunen kan organisere skyssen med eitt eller fleire transportmiddel, det vil seie at byte av transportmiddel kan skje fleire gonger undervegs. Fylkeskommunen kan avgjere at fleire elevar må nytte same skyssmiddel.

Kva som blir vurdert å vere eit forsvarleg skysstilbod avheng av alderen og modninga til eleven. Skysstilbodet kan derfor endre seg i takt med alderen til eleven. Dette gjeld både med tanke på gangavstand, bussbyte og reise- og ventetid.

Sjå eige punkt for meir informasjon viss eleven ikkje kan bruke kollektivtilbodet på grunn av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom.

## 3. Ansvarsforhold fylkeskommune/kommune

Kjelde: Opplæringslova kapittel 4 og 21, § 28-7, privatskulelova § 3-7, barnehageloven § 36, Udir-3-2010, Udir-2-2019, tolkingsspørsmål frå Utdanningsdirektoratet 15.01.2021

Å vere ansvarleg inneber:

- Å ha ansvar for å gjere vedtak om skyss
- Å vere organisatorisk ansvarleg, dvs. å ha det praktiske ansvaret rundt organisering av skyss
- Å vere økonomisk ansvarleg for skyss

Fylkeskommunen har ansvar for å organisere og leggje til rette for økonomisk forsvarleg skuleskyss i samarbeid med kommunen. Kommunen har ei plikt til å samarbeide med fylkeskommunen om ein rasjonell og trygg skuleskyss.

Det blir lagt opp til felles skyssordning for grunnskule og vidaregåande skule. Det vil derfor ha mykje å seie at start- og sluttider, ferie, fridagar og planleggingsdagar blir samordna. Kommunen skal ta med organisering av skuleskyssen i vurderingane sine når skulerute og den ordinære start- og sluttida til skulen blir fastsett.

Skyssen blir organisert i samsvar med felles fastsett skulerute. Skuleruta er utarbeidd i eit fagutval gjennom KS (Organisasjonen til kommunesektoren), der fylkeskommunen og kommunane deltek. Det ordinære rutetilbodet blir lagt opp etter felles fastsett skulerute. Dersom skuleruta i ein kommune avvik frå felles fastsett skulerute, må kommunen sjølv organisere og betale skyss for avvikande dagar.

Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje blir samde om korleis skuleskyssen skal organiserast og finansierast, kan departementet gi pålegg. Statsforvaltaren i kvart enkelt fylke har fått delegert ansvar frå departementet til å behandle saker om organisering og finansiering av skuleskyssen.

### 3.1. Fylkeskommunen sitt ansvar

- A. Elevar i 1. trinn som har meir enn 2 km mellom heim og skule/opplæringsstad ein veg, og elevar i 2. – 10. trinn som har meir enn 4 km mellom heim og skule/opplæringsstad ein veg.
- B. Elevar som på grunn av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom, har eit dokumentert behov for skyss.
- C. Elevar under punkta 3.1 A og B som går i eiga målformgruppe ved annan skule enn nærskulen.
- D. Elevar som har plass i SFO, og som på grunn av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom, har eit dokumentert behov for skyss.

## Retningslinjer for skuleskyss i grunnskulen

- E. Elevar som må nytte båtskyss mellom heim og skule/opplæringsstad.
- F. Vaksne elevar over opplæringspliktig alder som har meir enn 4 km mellom heim og skule/opplæringsstad, som ikkje har fått eller ikkje har fullført grunnskuleopplæring, og som har rett til full grunnskuleopplæring.
- G. Vaksne elevar over opplæringspliktig alder som på grunn av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom, og som etter fagleg vurdering har rett til spesialundervisning på nivået til grunnskulen.
- H. Elevar ved privatskular, som får tilskot frå staten, har rett til skyss etter same reglar som ved offentlege skular. Retten gjeld berre for den delen av skulevegen som ligg innanfor bustadkommunen til eleven.

Ansvar for fylkeskommunen:

- Skal gjere vedtak om **skyss** i punkta 3.1 A til H og punkt 3.2.B
- Har det praktiske og økonomiske ansvaret for skyssen i punkta 3.1 A til H.

## 3.2. Kommunen sitt ansvar

- A. Elevar med særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, under 2 km for elevar i 1. trinn og under 4 km for elevar i 2. – 10.trinn.
- B. Elevar med skuleplass på annan skule enn nærskulen, eller med opplæring ved alternativ opplæringsarena utanfor det geografiske området til skulen.
- C. Skyss i samband med skulen sine aktivitetar i og utanfor skuletida.
- D. Skyss som avvik frå felles fastsett skulerute.
- E. Skyss utanom den ordinære start- og sluttida til skulen for funksjonsfriske elevar.
- F. Innlosjere elevar når dagleg skyss ikkje er forsvarleg.
- G. Nødvendig tilsyn med grunnskuleelevar og vaksne elevar før og etter undervisningstida, og dessutan under transporten ved behov.
- H. Nødvendig reisefølgje/ledsager for dei grunnskuleelevane og vaksne elevar som ikkje kan reise åleine.
- I. Skyss for barn under opplæringspliktig alder/førskulebarn.
- J. Andre kommunale vedtak som medfører skyssbehov.

Kommunen sitt ansvar:

- Skal betale eigendel/persontakst for enkeltreiser på strekninga, for skyss av elevar nemnt i punkta 3.1 A til H. Persontakst vil seie den lågaste prisen på ordinær enkeltbillett. Dette blir fastsett lokalt.
- Skal gjere vedtak om **undervisningsstad**, og har det praktiske og økonomiske ansvaret for **meirkostnader** til skyss i punkt 3.2.B.
- Skal gjere vedtak om **skyss**, og har det praktiske og økonomiske ansvaret for skyssen i punkta 3.2 A, I og J.
- Har det praktiske og økonomiske ansvaret, inkludert eventuelt skyssbehov, i punkta 3.2 C til H.

- Har det praktiske og økonomiske ansvaret dersom kommunevedtaket fører til at det må setjast inn ein større buss, eller det må etablerast særskild skyss for å oppfylle retten til elevane.

## 4. Skyssrett

Kjelde: Opplæringslova § 2-1, kapittel 4 og 21, Udir-2-2019

Skyssordninga omfattar grunnskuleelevar som heimlar rett til skyss etter føresegnene i opplæringslova.

### 4.1. Skuleskyss mellom heim og skule

Skuleskyss er skyss mellom heim og skule.

### 4.2. Skyssgrenser

Kjelde: Opplæringslova § 4-1

Elevar i 1.trinn som har meir enn 2 km mellom heim og skule ein veg har rett til skuleskyss. For elevar i 2.-10. trinn er skyssgrensa 4 km.

Når det er nødvendig, har elevar rett til skyss med båt utan omsyn til avstanden mellom heim og skule.

### 4.3. Avstandsmåling dør til dør

Kjelde: Udir-2-2019, merknader frå Prop. 57 L (2022-2023) til § 4-1

Ved berekning av avstanden mellom heim og skule, er det den kortaste gangbare/farbare vegen som blir lagt til grunn. Farbar veg kan vere både offentleg og privat veg, gardsveg eller stig. Så lenge det er fysisk mogleg å ferdast til fots, med sykkel eller liknande, vil strekninga vere gjenstand for oppmåling. Det er ikkje kortaste bilveg eller den traseen bussen køyrer som blir lagt til grunn.

Avstanden skal målast frå dør til dør. Avstanden mellom skulen og heimen skal målast frå inngangsdøra der eleven bur, til inngangsdøra på skulen. Dersom det er fleire inngangsdører eleven kan bruke på skulen, skal det målast til døra lengst unna, uavhengig av om eleven faktisk bruker denne døra.

## 4.4. Tidspunkt for skyss

Kjelde: Opplæringslova §§ 4-1, 28-7

Skyssrett gjeld på ordinære skuledagar i samsvar med felles fastsett skulerute. Dersom skuleruta i ein kommune eller ved ein skule avvik frå felles fastsett skulerute, må kommunen sjølv betale alle kostnader knytt til skyss på avvikande dagar. I slike tilfelle må kommunen sjølv bestille skyss direkte hos aktuelle transportørar.

Fylkeskommunen har ansvar for éi reise til skulen og éi reise heim frå skulen pr dag, knytt til den ordinære start- og sluttida til skulen. Den ordinære start- og sluttida til skulen er dei tidspunkt fleirtalet av elevane ved skulen startar/sluttar. Fylkeskommunen dekkjer som hovudregel ikkje skyss utanom desse tidene.

Dersom kommunen vel å organisere skuledagen slik at elevar ved same skule startar og/eller sluttar til ulike tider, er kommunen økonomisk ansvarleg for ekstra kostnader til skyss. Dette kan til dømes gjelde ved kortare siste skuledag før juleferie/sommarferie, skuleavslutning, kveldsarrangement, forskyvingar i skuletida, fleksibel skuletid eller at elevane jobbar med lekser på skulen.

Skyssen blir organisert ved ordinær skuleslutt også på dagar med heildagsprøver, tentamen og eksamen.

Kommunen/skulen er ansvarleg for eventuell skyss i løpet av skuledagen (til dømes ved ekskursjonar, klasseseturar, skuleturar og liknande).

## 4.5. Akseptabel reise- og ventetid

Kjelde: Opplæringslova § 4-1, Udir-2-2019

Skuleskyssen skal organiserast slik at elevane får akseptabel reisetid.

Ved vurdering av akseptabel reise- og ventetid må gangtid, ventetid og tid med transportmiddel sjåast i samanheng. Reisetid blir teken med i vurderinga når bussrutene blir sette opp.

Om morgonen blir reisetida berekna frå eleven reiser heimanfrå og fram til ordinær skulestart. Tilsvarande gjeld ved ordinær skuleslutt om ettermiddagen, fram til eleven kjem til heimen.

## Retningslinjer for skuleskyss i grunnskulen

Det er fleire omsyn som skal takast når det skal vurderast kva som er akseptabel reisetid. Eit relevant omsyn er at eleven får tilstrekkeleg fritid og tilstrekkeleg tid i heimen. Dette taler for å avgrense reisetida. Eit anna omsyn er effektiv og rasjonell organisering av skyssen, som på den andre sida kan tilseie at alle elevar må godta ei viss reisetid. Kva som er akseptabel reisetid, må avgjerast etter ei konkret vurdering. Ein skal vere særleg merksam på reise- og ventetid for 6-åringar.

Ved vurdering av akseptabel reise- og ventetid, er fylkeskommunen sin praksisen vanlegvis å leggje følgjande rettleiande øvre grenser til grunn:

- 1. – 4. trinn, ca. 45 minutt kvar veg
- 5. – 7. trinn, ca. 60 minutt kvar veg
- 8. – 10. trinn, ca. 75 minutt kvar veg

Det blir understreka at førnemnde grenser ikkje er lovheimla eller absolutte. Reise- og ventetid blir vurdert individuelt for kvar enkelt elev, i tråd med føresegnene i opplæringslova.

Ved delt bustad, ved mellombels bustad, ved val av annan skule enn nærskulen eller ved val av privatskule langt unna heimen, må det akseptast auka reise- og ventetid, og eventuelt transportbyte.

## 4.6. Skyss for elevar ved privatskular

Kjelde: Opplæringslova kapittel 22, privatskulelova § 3-7, Udir-2-2019

Elevar ved privatskular som får statsstøtte har rett til skyss etter dei same reglane som elevar ved offentlege skular.

Retten til skyss, reisefølgje og tilsyn for elevar i privatskular gjeld berre innanfor kommunegrensa i den kommunen der eleven er folkeregistrert. Dette vil gjelde uansett grunnen til skyss, også for elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom.

Auka reise- og ventetid, og eventuelle transportbyte, må påreknast som ein konsekvens ved val av privatskule langt unna heimen. Dette gjeld også når eleven har delt bustad.

## 4.7. Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg

Kjelde: Opplæringslova §§ 4-1, 28-7, Udir-2-2019

For elevar med særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, har kommunen og fylkeskommunen ansvar for kvar sine elevgrupper.

## Retningslinjer for skuleskyss i grunnskulen

Elevar har rett til gratis skyss dersom ein del av vegen er særleg farleg eller vanskeleg.

Dersom ein elev bur under skyssgrensa på 2 og 4 km, er det kommunen som er ansvarleg for at skyssen er forsvarleg heilt frå heimen til skulen. Føresette må ta kontakt med kommunen for å søkje om skyss i slike tilfelle. Når ein elev bur over skyssgrensa på 2 eller 4 km, har fylkeskommunen ansvaret.

Enkelte grunnskuleelevar vil ha rettar etter fleire skyssreglar. Til dømes kan ein elev ha rett til skyss både på grunn av lengda på skulevegen og fordi skulevegen er særleg farleg eller vanskeleg. I slike tilfelle går fylkeskommunen sitt ansvaret framfor kommunen sitt ansvar, og det er fylkeskommunen som må oppfylle retten eleven har til skyss.

All ferdsel på/langs trafikkert veg inneber ein risiko. Barn som oppheld seg i trafikken vil alltid vere utsette for ein viss fare, og det kan ofte vere vanskeleg for barn å forhalde seg til trafikk. Lovverket krev at elevane blir utsette for ein fare som er utanom det vanlege for at skulevegen skal utløyse rett til skuleskyss. For å få rett til gratis skyss må det liggje føre ein «særleg risiko». Den risikoen skuleelevar til vanleg blir utsette for når dei ferdast i trafikken er derfor ikkje tilstrekkeleg. Tilstanden til skulevegen, klima, trafikkforholda på vegen og forhold knytt til kvar enkelt elev er viktige moment når skulevegen skal vurderast.

Tilstanden på skulevegen kan variere med årstid. Det kan derfor vere aktuelt med rett til skyss delar av skuleåret. Kommunen kan velje å setje inn andre tiltak som fjernar dei ekstraordinære faremomenta, til dømes tilsyn eller reisefølgje forbi særlege trafikkfarlege delar av skulevegen. Dersom kommunen har sett i verk slike tiltak, kan det vere tilstrekkeleg til at eleven ikkje får rett til skyss.

## 4.8. Vaksne elevar med rett til grunnskuleopplæring

Kjelde: Opplæringslova kapittel 21, Udir-3-2012, Udir-2-2019

Vaksne som bur meir enn 4 km frå skulen, har rett til skuleskyss når dei får grunnskuleopplæring etter kapittel 21 (spesialundervisning/individuell læreplan).

Vaksne elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom har rett til skuleskyss uavhengig av avstanden mellom heim og skule, når skyssbehovet er dokumentert med legeattest.

Når det blir søkt om skyss, skal det kommunale vedtaket om vaksenopplæring blir vedlagd søknaden.

Fylkeskommunen treng dokumentasjon på:

- kva paragraf undervisninga er heimla i
- talet på undervisningstimar
- konkrete vekedagar og undervisningstid

- opplæringsstad

## 4.9. Vaksne minoritetsspråklege elevar utan rett til skyss

Kjelde: Rettleiar: «Innføringstilbod til nykomne minoritetsspråklege elevar – rettleiar og eksempelsamling» på Udir.no

Vaksne minoritetsspråklege elevar som ikkje har fått avgjort opphaldsstatus, har ikkje rett til grunnskuleopplæring eller skuleskyss.

Norskopplæring blir ikkje definert som grunnskuleopplæring, og gir ikkje rett til skuleskyss etter føresegnene i opplæringslova.

## 4.10. Skulefritidsordninga (SFO)

Kjelde: Opplæringslova §§ 4-1, 4-5, Udir-2-2019

Kommunen skal ha eit tilbod om SFO på skulen før og etter skuletid for 1.-4.årstrinn, og for elevar med særlege behov på 1.-7.årstrinn.

Funksjonsfriske elevar har ikkje rett til skyss på dagar der SFO blir nytta.

Elevar kan ha rett til skyss dei dagane dei ikkje nyttar SFO. Det må søkjast om skyss i forkant, og det skal gjerast enkeltvedtak om skyss på vanleg måte i desse tilfella.

Elevar som har plass i SFO, og som på grunn av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til skyss til og frå SFO. Retten omfattar ikkje skyss på ferie- og fridagane til skulen eller på dagar der skulen er stengd av andre grunnar.

Retten til reisefølgje og tilsyn gjeld også for grunnskuleelevar som har rett til skyss til og frå SFO.

## 4.11. Barn under opplæringspliktig alder/førskulebarn

Kjelde: Barnehagelova § 36, Udir-2-2019

Dersom gratis skyss er nødvendig for at barnet skal kunne få spesialpedagogisk hjelp, har barnet rett til slik skyss.

Barnet har rett til nødvendig reisefølgje og tilsyn. Kommunen skal innlosjere barnet når dagleg skyss ikkje er forsvarleg.



## **4.12. Barn med framskunda eller utsett skulestart**

Kjelde: Opplæringslova § 2-1

Barn som har fått vedtak om framskunda eller utsett skulestart, har rett til skyss etter vanlege skyssreglar.

Kopi av vedtaket frå kommunen må vedleggjast søknad om skyss.

## **4.13. Målformgrupper**

Kjelde: Opplæringslova § 3-1

Elevar kan ha rett til opplæring i eiga målformgruppe ved annan skule enn nærskulen. I slike tilfelle har fylkeskommunen ansvaret for skyss. Unntaket er viss elevane har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg under skyssgrensa. Då har kommunen ansvaret.

## **4.14. Leksehjelp i grunnskulen**

Kjelde: Opplæringslova § 4-4, Udir-2-2019

Kommunen skal tilby leksehjelp til elevar i grunnskulen. Elevane har rett, men ikkje ei plikt til å delta.

Elevar har ikkje rett til skyss i samband med leksehjelp. Dette gjeld også elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom.

## **4.15. Skyss til/frå behandling**

Skyss til/frå behandling er ikkje definert som skuleskyss.

Fylkeskommunen dekkjer ikkje skyss i samband med til dømes behandling hos lege, psykolog, fysioterapeut, kiropraktor eller liknande. I slike tilfelle må elev/føresette ta kontakt med behandlar.

# **5. Ulike typar skuleskyss**

Kjelde: Opplæringslova § 4-1, Udir-2-2019, fraktvedtekter

Skuleskyssen blir i hovudsak organisert med ordinært kollektivtilbod (buss, skulebussar, båt og tog).

I tillegg kan skuleskyssen organiserast med alternativ «lukka» transport som taxi, maxitaxi eller privatskyss/skyssgodtgjering der det manglar ordinært kollektivtilbod, eller som følge av dokumentert særleg skyssbehov for kvar enkelt elev. Alternativ transport er å betrakte som ordinær skuleskyss i rute, der fleire elevar kan samkøyrast.

Det er den som er ansvarleg for skyssen som avgjer kva for eit/kva transportmiddel eleven skal nytte. Det avgjerande er kva som vil vere forsvarleg for kvar enkelt elev. Dette gjeld både kva transportmiddel som blir nytta og korleis den totale skyssen er sett saman.

## 5.1. Skyss med kollektivtilbodet

Skuleskyss skal som hovudregel gå føre seg med det ordinære kollektivtilbodet (buss, båt og tog). Dette gjeld også for elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom.

## 5.2. Skyss med båt

Kjelde: Opplæringslova § 4-1

Når eleven bur slik til at det er nødvendig å nytte båt for å komme til skulen, har eleven rett til slik skyss gratis, uavhengig av avstand mellom heim og skule.

Ved bruk av båt blir eleven utstyrt med skulereisekort.

## 5.3. Skulereisekort

Kjelde: Fraktvedtekter

Etter samtykke frå føresette, bestiller skulen/kommunen skulereisekort til elevar med rett til skuleskyss med kollektivtilbodet.

Eleven får kortet delt ut på skulen.

Skulereisekortet er personleg, og skal ikkje brukast av andre enn eleven. Korta må takast med kvar dag og skal registrerast på kvar reise.

## Retningslinjer for skuleskyss i grunnskulen

Skulereisekortet verkar på ordinære skuledagar i samsvar med felles fastsett skulerute. Dersom skuleruta i ein kommune avvik frå felles fastsett skulerute, må kommunen sjølv sørge for skyss. Korta er gyldig for éi reise til skulen og éi reise heim frå skulen per skuledag.

Skulereisekortet er fylkeskommunen sin eigedom. Føresette må rekne med å betale erstatningsgebyr for mista eller øydelagt skulereisekort. Mista eller øydelagt skulereisekort skal straks meldast skulen, som bestiller nytt kort.

## 5.4. Gangavstand til/frå kollektivtilbod - tilbringarskyss

Kjelde: merknader til Prop. 57 L (2022-2023)

Ein elev som er innvilga skyss har ikkje rett på skyss frå dør til dør. Det er forventa at eleven går ein rimeleg distanse fram til ein oppsamlingsplass/haldeplass.

Kva som er rimeleg distanse må avgjerast etter ei konkret vurdering, der det mellom anna blir lagt vekt på alderen, trafikktryggleiken og framkomma til eleven på strekninga. Dette gjeld uavhengig av valt transportmiddel.

Skysstilbodet skal dekkje størstedelen av totaldistansen mellom heim og skule.

Fylkeskommunen legg til grunn at funksjonsfriske elevar i grunnskulen normalt kan gå følgjande distansar mellom heim og kollektivtilbod:

- 1.trinn: 1 km.
- 2.-7. trinn: 2 km.
- 8.-10. trinn: 2,5 km.

Gangavstanden er ikkje absolutt og må vurderast som rettleiande i kvart enkelt tilfelle.

Elevar som bur langt frå kollektivtilbodet kan søkje om skyss til/frå haldeplass (tilbringarskyss). Dersom fylkeskommunen vurderar at eleven har uakseptabel gangavstand til haldeplass, blir eleven innvilga tilbringarskyss. Dette er eit tiltak for å korte ned gangavstanden for eleven.

Dersom føresette sjølv utfører tilbringarskyssen, kan det søkjast om skyssgodtgjering. Alternativt vil fylkeskommunen organisere andre transporttilbod.

## 5.5. Manglande kollektivtilbod

Dersom eleven bur over skyssgrensa, men manglar kollektivtilbod på heile eller delar av skulevegen, vil fylkeskommunen tilby alternativt skysstilbod på aktuell strekning. Eleven kan anten søkje om skyssgodtgjering eller tilrettelagd skuleskyss.

## 5.6. Skyssgodtgjering

Kjelde: Merknader frå Prop. 57 L (2022-2023)

Føresette kan søkje om skyssgodtgjering for å utføre skyss av eigne barn.

Etter avtale med den som er ansvarleg for å oppfylle skyssretten til eleven (kommunen eller fylkeskommunen), kan føresette ordne skyssen sjølv. I slike tilfelle skal dei nødvendige, faktiske kostnadene til føresette dekkjast. Kostnadene skal dokumenterast.

I tillegg til utgifter til drivstoff, skal skyssgodtgjering kunne dekkje utgifter til bompengar, båtreiser og parkering. Tappt arbeidsinntekt blir ikkje dekt. Tilleggsutgifter må dokumenterast. Ved bompasseringar blir det føresett at bilen er utstyrt med bombrikke som gir rabatt ved bompassering.

Det blir ikkje innvilga skyssgodtgjering dersom eleven kan følgje kollektivtilbodet.

Refusjon av innvilga skyssgodtgjering gjeld frå dato fastsett i enkeltvedtak. Det er derfor vesentleg at det blir søkt i forkant av kvart skuleår. Avstand oppgitt i enkeltvedtaket skal leggjast til grunn.

Skyssgodtgjering blir utbetalt etterskotsvis.

## 5.7. Tilrettelagd skuleskyss

Skuleskyss skal som hovudregel gå føre seg med det ordinære kollektivtilbodet.

Dersom det manglar kollektivtilbod på heile eller delar av strekninga mellom heim og skule, kan tilrettelagd skuleskyss vere eit alternativ. Det same gjeld for elevar som ikkje kan nytte kollektivtilbodet på grunn av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom.

Tilrettelagd skuleskyss er å rekne som ordinær skyss i rute. Dette inneber mellom anna at eleven normalt må gå til og frå næraste oppsamlingsplass eller haldeplass og forhalde seg til oppsette rutetider for transporten, slik som ved bruk av ordinært kollektivtilbod.

Fylkeskommunen praktiserer samkøyring av fleire elevar i same køyretøy, der fylkeskommunen finn dette mogleg. Det kan mellom anna bety at skyssen ikkje går direkte mellom heim og skule, fordi han skal ta opp/setje av andre elevar undervegs. Elevar må forvente at dei må tilpasse seg kvarandre

rundt skyssen, og ventetid må påreknast. Den tilrettelagde skyssen vil falle bort dersom andre skyssstilbud blir oppretta.

## 6. Bustaden til eleven

### 6.1. Folkeregistrert adresse

Kjelde: Folkeregisterlova § 5-1, opplæringslova § 2-6

Med bustad siktar ein til den adressa eleven er registrert med i folkeregisteret.

Det er den folkeregistrerte adressa til eleven som avgjer kva skule som er nærskulen til eleven.

Når elevar søker om skuleskyss, blir folkeregistrert adresse lagd til grunn for avstandsberekinga.

Ved flytting i løpet av skuleåret pliktar eleven å melde frå til fylkeskommunen. I slike tilfelle må eleven søkje om skyss på nytt.

### 6.2. Innlosjering

Kjelde: Opplæringslova §§ 4-1, 4-3, 28-1, Udir-2-2019

Innlosjering er eit alternativ til skyss i særlege tilfelle, til dømes dersom dagleg skyss ikkje er forsvarleg, der det ikkje er mogleg med skyss på grunn av klimatiske forhold, ved lang reise- og ventetid, eller dersom kostnadene er ekstraordinære m.m. Regelen omfattar også elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom.

Elevar har berre rett til skyss etter § 4-1 dersom dagleg skyss er forsvarleg.

Når fylkeskommunen skal vurdere om dagleg skyss er forsvarleg, skal det særleg leggjast vekt på alderen og funksjonsevna til eleven og kor lang og farleg skolevegen er. Det kan berre leggjast vekt på kostnader eller vanskar for fylkeskommunen dersom dei er ekstraordinære.

Dersom fylkeskommunen er i tvil om dagleg skyss er forsvarleg, avgjer foreldra om eleven likevel skal skyssast.

Elevar som ikkje har rett til skyss fordi dagleg skyss ikkje er forsvarleg, har rett til losji. Elevane har også plikt til å la seg innlosjere dersom ikkje foreldra sørgjer for skyss og dekkjer kostnadene.

Kommunen skal sørgje for losji og ha tilsyn med innlosjerte elevar.

Dersom elevane blir innlosjerte utanfor kommunen, er det heimkommunen som har ansvaret for å etablere tilsyn.

### 6.3. Skuleskyss ved delt bustad

Kjelde: Opplæringslova § 4-1, merknader frå Prop. 57 L (2022-2023), Udir-2-2019, barnelova kapittel 5 og 6

Elevar som har fleire heimar, har rett til skyss til og frå kvar heim som oppfyller vilkåra for rett til skyss.

Elevar som har fleire heimar/delte bustad vil vere folkeregistrert på éi adresse sjølv om dei deler tida mellom to heimar. Formålet med skyssreglane og omsynet til barna det gjeld, tilseier at det avgjerande må vere at barnet faktisk bur to stader.

For å ha rett til gratis skuleskyss, må opphaldet til eleven hos kvar av foreldra vere ein rimeleg fast, planlagd og regelmessig ordning. Retten gjeld for elevar som bur fast og regelmessig i fleire heimar. Retten gjeld også når det ligg føre avtalt/rettsleg avgjerd om fast samværsordning. Improviserte enkeltbesøk gir ikkje rett til skyss.

Stadfesting og turnus for delt bustad, signert av den/dei foreldra det blir søkt skyss frå, skal sendast saman med søknad om skyss.

Elevar med to heimar kan ha rett til skyss til og frå begge heimane, sjølv om det eine heimen ligg i ein annan kommune eller i eit anna fylke enn skulen eleven går på. Vurderinga av om eleven har rett til skyss, kva som er akseptabel reisetid og kva som er forsvarleg skyss, skal avgjerast sjølvstendig og konkret for begge heimane. Det blir føresett at eleven oppfyller andre vilkår for skyss, til dømes avstandskrav.

Ved praktisering av delt bustad må auka reise- og ventetid og eventuelt transportbyte for eleven akseptast som ein konsekvens av føresette sitt val av bustad. Dette gjeld særleg dersom ein av foreldra bur utanfor nærskulekrinsen til eleven og/eller i ein annan kommune/fylke.

Vurderingar knytt til forsvarleg reisetid, kan avgrense retten til skyss frå begge bustader. Der eleven har delt bustad og dagleg skyss ikkje vil vere forsvarleg, må foreldra anten ordne skyss sjølv, revurdere busituasjonen til barnet eller innlosjere barnet.

Eleven har ingen vilkårslaus rett til å føre med seg ekstra bagasje eller utstyr ved byte av bustad i samband med delt bustad.

## 6.4. Avlastingsbustad

Kjelde: Opplæringslova § 4-1, merknader frå Prop. 57 L (2022-2023), Tolkningsuttalelse frå Utdanningsdirektoratet 29.06.15, Udir-2-2019

For elevar som har fått offentleg vedtak om avlasting, blir avlastingsbustaden rekna som eleven sin heim dei dagane eller periodar eleven har fått innvilga avlastingsopphald.

Retten til skyss gjeld når eleven sin bustad på fast og regelmessig basis er delt mellom foreldreheim og avlastingsheim eller besøksheim som er vedteken eller avtalt med barnevernet eller helse- og omsorgssektoren.

Skyssrett gjeld ikkje i tilfelle der føresette har gjort private avtalar om avlasting.

## 6.5. Fosterheimar

Kjelde: Opplæringslova §§ 2-6, 28-7, merknader frå Prop. 57 L (2022-2023), Udir-2-2019

Skyss mellom varig fosterheim og skule blir dekt etter vanlege skyssreglar.

## 6.6. Mellombels bustad

Kjelde: Opplæringslova § 28-4, Udir-6-2014, Udir-2-2019

I nokre situasjonar kan ein elev måtte bu utanfor heimen i ein periode. Dette kan til dømes vere på krisesenter, barneverninstitusjon, helseinstitusjon, korttidsinstitusjon, beredskapsheim og mellombels avlastingsbustad. Elevane vil i utgangspunktet ha rett til å halde fram på den skulen dei går på. I dei fleste situasjonar vil elevane ha rett til skyss til og frå den mellombelse heimen dersom vilkåra for skyss er oppfylte. Dette gjeld uavhengig av i kva kommune den mellombelse heimen ligg. Retten til skyss vil ikkje gjelde private ordningar som ikkje kjem av offentlege vedtak.

Der det statlege eller kommunale barnevernet har gjort vedtak om at eleven skal bu på krisesenter, barneverninstitusjon, korttidsinstitusjon, beredskapsheim og mellombels avlastingsbustad, vil det statlege eller kommunale barnevernet som har gjort vedtaket, også ha det økonomiske og praktiske ansvaret for skyssen.

Når det er gjort vedtak om at ein elev skal bu mellombels på helseinstitusjon, er det den fylkeskommunen der helseinstitusjonen ligg, som vil vere ansvarleg for opplæringa for pasientar etter opplæringslova § 28-4. Det inneber også ansvaret for eventuell skuleskyss.

Dersom ein elev i ein periode må opphalde seg mellombels utanfor kommunen, vil det vere den kommunen som har ansvaret for opplæringa, som også har ansvar for eventuell skyss.

## 6.7. Elevar busette i institusjon

Kjelde: Opplæringslova §§ 28-3, 28-4, Barnevernloven § 10-17, Udir-10-2009, Udir-2-2019

Når det blir gjort vedtak om plassering av elevar i institusjon, er det den fylkeskommunen der institusjonen ligg som har ansvaret for å oppfylle retten til grunnskuleopplæring, spesialpedagogisk hjelp og skuleskyss. Elevar som bur på institusjon, vil ha rett til å halde fram på nærskulen sin.

Dersom eleven kjem frå eit anna fylke, har fylkeskommunen der institusjonen ligg rett til refusjon av utgifter til opplæring og skuleskyss frå heimfylket til eleven.

## 6.8. Elevar som bur fleire stader i samband med næringsdrift

Kjelde: Opplæringslova §§ 4-1, 28-7

Dersom familien, i samband med næringsdrift, bur fast fleire stader i løpet av skuleåret, kan eleven ha rett til skyss etter vanlege skyssreglar. Dette gjeld eksempelvis ved stølsdrift eller overnattingsbedrift med sesongdrift, som krev at familien er fast busett på staden delar av året.

Eleven har ikkje rett til skyss viss bustaden berre har funksjon som sommar- eller fritidsbustad.

## 6.9. Elevar som bur i asylmottak

Kjelde: Opplæringslova § 2-1, brev frå Utdanningsdirektoratet til Kollektivtrafikkforeningen 03.01.2017

Alle barn og unge i grunnskulealder som er i Noreg, har som hovudregel rett og plikt til grunnskuleopplæring. Dette gjeld også asylsøkjjarar.

Ein asylsøkjjar er ein person som har søkt om vern (asyl) i Noreg, og som ikkje har fått søknaden sin endeleg avgjort.

Retten til opplæring er uavhengig av opphaldsstatus og gjeld når det er sannsynleg at barnet skal vere i Noreg i meir enn 3 månader.

Asylsøkjjarar i alderen 6-16 år i grunnskuleopplæringa har rett til skyss mellom asylmottak og skule etter ordinære skyssreglar, fordi mottaket blir rekna som elevens heim.

Fylkeskommunen er ansvarleg for skuleskyssen når eleven går på nærskulen til mottaket. Dersom kommunen tilbyr undervisning ved ein annan skule, er kommunen ansvarleg for eventuelle meirkostnader knytt til skuleskyssen.



## **6.10. Busette flyktningar**

Kjelde: Opplæringslova § 4-1, brev frå Utdanningsdirektoratet til Kollektivtrafikkforeningen 03.01.2017

Ein flyktning er ein person som fyller krava til å få vern (asyl) i Noreg, og som er busett som ordinær innbyggjar i ein kommune.

Personar som har fått opphaldsløyve som flyktning, har dei same rettane til opplæring og skuleskyss som andre elevar.

# **7. Skulen til eleven**

## **7.1. Nærskule**

Kjelde: Opplæringslova § 2-6

Alle elevar har rett til å gå på nærskulen. Nærskulen er den skulen som ligg nærast eleven eller den skulen i nærmiljøet som eleven soknar til.

## **7.2. Skulegang ved annan skule enn nærskulen**

Kjelde: Opplæringslova §§ 2-6, 4-1, Udir-3-2010, Udir-2-2019

Dei økonomiske overføringane til fylkeskommunen for å organisere skyss, er berekna ut frå at grunnskuleelevar skal få opplæringstilbodet sitt på nærskulen.

Kommunen gjer vedtak om undervisningsstad på annan stad enn nærskulen. Fylkeskommunen skal gjere vedtak om skyss. Kommunen er ansvarleg for å organisere skyssen, og er økonomisk ansvarleg for meirkostnader til skyss i slike tilfelle.

Når ein elev søker om å få gå på ein annan skule enn den eleven er tildelt, jf. opplæringslova § 2-6, kan kommunen stille vilkår om eigenbetaling av skuleskyss ved eventuell innvilging av søknaden. Det er ikkje mogleg å stille vilkår om eigenbetaling av skuleskyss dersom grunnen til å byte skule er å sikre retten til opplæring (til dømes for å hindre mobbing, sikre retten til eit godt skulemiljø eller sikre betre tilpassa opplæring).

Dette gjeld anten opplæringa blir gitt i heimkommunen eller i annan kommune. Fylkeskommunen vil berre vere ansvarleg for utgiftene fylkeskommunen eventuelt ville hatt dersom eleven fekk opplæring på nærskulen.

### 7.3. Alternativ opplæringsarena

Kjelde: Opplæringslova §§ 2-6, 4-1, Udir-3-2010, Udir-2-2019

Ein alternativ opplæringsarena blir karakterisert ved at ein eller fleire elevar får opplæringa si på ein annan stad enn skuleområdet.

Kommunen er økonomisk ansvarleg for eventuell skyss ved til dømes:

- Opplæring på alternativ arena ein eller fleire dagar i veka utanfor det geografiske området til skulen (meirkostnader til skyss).
- Opplæring i bedrift eller på bondegard (meirkostnader til skyss).
- Arbeidsveke/hospitering.
- Utgreiing eller opplæring ved ulike kompetansesenter.
- Aktivitetar utanfor skulen sitt område, til dømes ekskursjonar, klasseseturar, skuleturar, leirskule og liknande.
- Skyss i skuletida, til dømes mellom skule og bibliotek, symjeundervisning, morsmålsundervisning og liknande.
- Tilfelle der heim og skule inngår særavtalar om undervisning i heimen. Dersom undervisninga medfører skyssutgifter, er kommunen ansvarleg for desse.

### 7.4. Rehabilitering av skulebygg

Kjelde: Opplæringslova § 28-7, Udir-3-2009

Ved rehabilitering av skulebygg, som medfører at alle elevane i ein periode må flyttast til ein annan undervisningsstad i kommunen, gjeld ansvarsreglane for skyss på vanleg måte etter opplæringslova § 28-7. I slike tilfelle vil skulen i nærmiljøet ikkje vere open for elevane.

Dersom det berre er nokre elevar som må flyttast til andre undervisningsstad, og dette medfører ekstra skysskostnader i forhold til opphavleg undervisningsstad, skal kommunen dekkje kostnadene ved dette.

## 8. Elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom

Kjelde: Opplæringslova § 4-1, merknader frå Prop. 57 L (2022-2023), Udir-2-2019

Elevar kan ha rett på skyss som følge av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom. Dette er regulert i opplæringslova § 4-1, og gjeld utan omsyn til avstanden mellom heimen og opplæringsstaden. Elevar i denne kategorien vil også ha rett til skyss til og frå SFO og rett til skyss før skuledagen er over, dersom funksjonsnedsetjinga, skaden eller sjukdommen gir behov for det. Dei vil ikkje ha rett til skyss til og frå leksehjelp eller i skuleferiar.

Ved behov for skyss ved nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom skal det leverast signert legeattest der skyssbehovet er tydeleg beskrive før skyss kan setjast i gang. Dersom det blir søkt om skyss i samband med kortare skuledagar, må medisinfagleg grunngiving for dette komme tydeleg fram i legeattest.

Elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom skal som hovudregel reise med kollektivtilbodet.

### 8.1. Skyss for elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom

Det er ikkje nok at eleven har nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom for å få rett til skyss. Det er kor viktig funksjonsnedsetjinga er for moglegheita eleven har til å ta seg fram på skulevegen som skal vurderast.

Det er eit vilkår at funksjonsnedsetjinga, skaden eller sjukdommen er årsaka til at eleven har behov for skyss.

Det er ikkje eit krav om at funksjonsnedsetjinga gjer det umogleg for eleven å gå til skulen. Spørsmålet er om funksjonsnedsetjinga representerer ei byrde ut over det vanlege på skulevegen, og at eleven derfor bør skyssast for å oppfylle retten til grunnopplæring.

Skyssretten er ikkje knytt til om eleven får spesialundervisning, men til om funksjonsnedsetjinga, skaden eller sjukdommen gjer det nødvendig med skuleskyss.

Ei funksjonsnedsetjing/diagnose gir ingen rett til at eitt bestemd skyssmiddel skal nyttast. I spesielle tilfelle blir det organisert tilrettelagd skuleskyss med privatskyss/skyssgodtgjering, taxi eller

maxitaxi. Tilrettelagd skuleskyss blir berre vurdert i dei tilfella der det er dokumentert at eleven ikkje kan bruke kollektivtilbodet av medisinske årsaker.

## 8.2. Skyss for elevar med mellombels skade eller sjukdom

Elev/føresett må ta kontakt med skulen ved behov for skyss på grunn av mellombels skade eller sjukdom.

Vedtak om mellombels skyss blir berre innvilga for ein kort periode. Dersom skulen er i tvil om eleven har rett til skyss, skal skulen kontakte fylkeskommunen.

Dersom fylkeskommunen finn at skyss er igangsett på feil grunnlag eller at det er bestilt feil type skyss, vil fylkeskommunen inndra eller endre skyssen på dagen. Eit døme på dette kan vere at det er sett i gang skyss med taxi til elevar som kan nytte buss.

## 8.3. Krav om legeattest

Skyssbehov på bakgrunn av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom må dokumenterast med signert legeattest som tydeleg beskriv eleven sitt skyssbehovet.

Legeattest må leverast, og fylkeskommunen skal gjerast vedtak om skyss, før eventuell skyss kan setjast i gang.

Manglande eller mangelfull dokumentasjon på skyssbehovet til eleven vil føre til at søknad blir avslått. Det trengst ny, oppdatert signert legeattest for kvar skyssperiode.

Fylkeskommunen har utarbeidd ein standard legeattest til dette formålet, som blir tilrådd brukt. Skjemaet kan lastast ned frå [www.telemarkfylke.no/skoleskyss](http://www.telemarkfylke.no/skoleskyss).

Legen kan, om ønskjeleg, forme ut legeattesten i eige skriv, føresett at det blir teke stilling til alle dei punkta/opplysningar fylkeskommunen etterspør i legeattesten sin.

Fylkeskommunen er ikkje bunden av tilrådingane som blir gitt i legeattesten. Det er fylkeskommunen som skal vurdere om den medisinske tilstanden gir rett til skyss.

## 8.4. Busstrening for elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom

Kjelde: Opplæringslova §§ 1-3, 4-1

Mange elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom kan meistre å nytte buss viss dei får hjelp til å trene på dette.

Det kan ha ein stor eigenverdi for eleven å meistre å ta buss med tanke på sjølvstendet og meistringa til eleven av eige liv.

Dette er i tråd med formålsparagrafen til opplæringslova § 1-3 der det heiter at «*Elevane og dei som har læretid i bedrift skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre livet sitt og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet*».

Forventninga om at det aktivt drives busstrening aukar i takt med alderen og funksjonsnivået til eleven. Det er mogleg å kombinere busstrening med andre skysstordningar.

I tilfelle der busstrening er aktuelt, må elev/føresette kontakte skulen eller kommunen. Kommunen er ansvarleg for eventuelle utgifter til busskort.

## 8.5. Elevar i avlastingsbustad

Kjelde: Opplæringslova § 28-7, tolkingsfråsegn frå Utdanningsdirektoratet 29.06.2015, helse- og omsorgstenestelova § 3-2, Udir-2-2019

Retten til skyss gjeld i utgangspunktet mellom heim og skule. Elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom, som har fått offentleg vedtak om avlastingsopphald, kan i tillegg ha rett på skyss mellom skulen og avlastingsbustaden. Retten til skyss vil ikkje gjelde private ordningar (privat avlastar) som ikkje kjem av offentlege vedtak.

Når det blir søkt om skuleskyss til/frå avlasting må følgjande dokumentasjon vedleggjast søknaden:

- Kopi av vedtak om avlasting.
- Turnus som viser kva for konkrete datoar eleven skal til/frå avlasting.

Ved endring av turnus må det registrerast ny søknad om skyss, god tid i forkant. Saksbehandlingstid må forventast.

Eleven har ingen vilkårslaus rett til å føre med seg ekstra bagasje eller utstyr ved byte av bustad i samband med avlasting.

Ved skyss til avlastingsbustad gjeld ordinære reglar for fordeling av skysskostnadene mellom fylkeskommune og kommune.

## 8.6. Skyss før skuledagen er over

Kjelde: Opplæringslova § 4-1, Udir-2-2019

Elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom kan ha rett på skyss ved kortare skuledag, dersom dei som følgje av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom har behov for dette.

Fylkeskommunen stiller eit skjerpa krav til legeattest i slike tilfelle. Legeattesten må innehalde ei medisinsk grunngiving for kvifor eleven ikkje kan ha fulle skuledagar.

# 9. Reisefølgje/ledsager og tilsyn

Kjelde: Opplæringslova §§ 4-2, 12-2, 12-3, 12-4, 28-7, Udir-2-2019

Elevar som får skyss til og frå skulen eller SFO, har rett til reisefølgje/ledsager og tilsyn i ventetida før og etter opplæringa eller SFO, dersom dei treng det.

Somme elevar kan ha behov for reisefølgje/ledsager for å få nytta seg av skyssen.

Kommunen/skulen må opplyse i skysøknaden om eleven har med seg reisefølgje/ledsager.

Kommunen er ansvarleg for å skaffe, organisere og finansiere reisefølgje/ledsager og tilsyn for grunnskuleelevar. Elev/føresette må kontakte kommunen ved spørsmål om reisefølgje/ledsager eller tilsyn.

Fylkeskommunen krev at elevar som kan ha behov for særskild oppfølging på grunn av helsetilstand og åtferd undervegs i transporten, skal ha med reisefølgje/ledsager. Sjøåførar skal ikkje ha ansvar for slik oppfølging.

Elevar som har behov for bistand ved heimen, til dømes på-/avkledning, hjelp i trapper, oppgang eller gardsplass, må få dette av føresette, evt. reisefølgje/ledsager. Tilsvarande må dei tilsette ved skulen, evt. reisefølgje/ledsager, hjelpe eleven ved skulen.

Retten til tilsyn gjeld i hovudsak medan eleven ventar på skuleområdet før og etter skuletid, men kan også i særlege tilfelle gjelde når eleven byter transportmiddel. Dette gjeld når byte av transportmiddel er særleg farleg eller vanskeleg.

Det må vurderast konkret om kommunen skal sørgje for reisefølge/tilsyn, eller om kommunen/fylkeskommunen må sørgje for anna skyssordning. Viss skyssen og reisetida i seg sjølv er forsvarleg, men til dømes alderen til eleven tilseier at eit byte er særleg farleg eller vanskeleg, vil det tilseie at kommunen er ansvarleg for å stille med reisefølge eller tilsyn.

Retten elevane har til eit godt psykososialt miljø gjeld også på skulevegen og under skuleskyssen. Elevane skal sleppe å oppleve krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme. Eit tiltak for å hindre til dømes mobbing, kan vere at kommunen må setje inn tilsyn på transportmiddelet.

## 10. Andre tema

### 10.1. Utstyr

Kjelde: Fraktvedtekter, vegtrafikkloven § 23, Tolkingsuttalelse frå Udir datert 04.03.2013 «Ansvar for transport av skiutstyr for elevar med rett til skyss»

Ekstra utstyr som ski, akebrett, sykklar etc. kan i somme tilfelle takast med etter førehandsavtale med transportør. Det føreset at det er forsvarleg og at køyretøyet har kapasitet. Alt lausøyre ombord i køyretøyet skal vere forskriftsmessig sikra.

Sjåføren avgjer til kvar tid kva utstyr som forsvarleg kan takast med. Transportøren har inga plikt til å ta med ekstra utstyr.

Ekstra kostnader blir ikkje dekte av fylkeskommunen. Dersom kommunen baserer opplæringa på at elevane har med seg utstyr heimanfrå, skal kommunen dekkje ekstrautgiftene dersom det må setjast opp større buss eller nyttast tilhengjar.

### 10.2. Skadar forårsaka av elev

Kjelde: Skadeerstatningslova

Hovudregelen i norsk erstatningsrett er at den som har handla forsettleg (med vilje) eller aktlaust (uforsiktig), blir erstatningsansvarleg for det ho eller han har øydelagt. Sjølv om ein er mindreårig, kan ein få erstatningsansvar.

Skadar forårsaka av elev i samband med skyssen, blir ikkje dekte av fylkeskommunen.

Dette gjeld til dømes dersom eleven øydelegg sete, belte eller anna.

### **10.3. Inndraging av retten til skyss**

Kjelde: Forvaltningsloven § 35

Dersom elevar har fått tilbod om skyss på feil grunnlag kan fylkeskommunen gjere om vedtaket og inndra skyssretten, til dømes ved kontrollmåling av avstand.

Det same gjeld dersom premissane for skyssen endrar seg, til dømes ved flytting, organisering av nytt busstilbod, m.m.

### **10.4. Streik**

Kjelde: Brev frå Kyrkje-, Utdannings- og Forskningsdepartementet datert 11.11.1996

Fylkeskommunen organiserer ikkje alternativ skyss ved streik blant transportørar eller dei tilsette i skulen.

Elev/føresett får ikkje refundert eventuelle utlegg til alternativ skyss i samband med streik.

### **10.5. Uventa hendingar**

Om uventa hendingar skulle hende, er det avgjerande med rask og tett dialog rundt skuleskyssen mellom fylkeskommunen, kommunen, skular og transportørar.

Dette kan til dømes gjelde ved stengde vegar, avgrensa framkomme, ras/rasfare, flaum og så vidare, eller andre hendingar som utløyser behov for ekstra beredskap og tiltak rundt skuleskyssen.

### **10.6. Trygt og godt skulemiljø**

Kjelde: Opplæringslova §§ 12-2, 12-3, 12-4, Merknader frå Prop. 57 L (2022-2023) til § 12-4, Udir-2-2019

Det er presisert i opplæringslova at dersom ein elev ikkje opplever at skulemiljøet er trygt og godt, har skulen ei plikt til å hjelpe eleven (aktivitetsplikt). Dette kan føre til at det må setjast inn tiltak.

Ordensreglementet til skulen kan også gjelde på skulevegen.

Selskap og sjåførar som utfører skuleskyssen, er ikkje omfatta av reglane om aktivitetsplikt, med mindre dei også har ei anna rolle ved skulen og denne rolla blir omfatta.



## Retningslinjer for skuleskyss i grunnskulen

Ein sanksjon kan aldri gå ut på å avgrense rettane til ein elev. Det vil seie at ein elev ikkje kan miste retten til skyss på grunn av til dømes åtferd på skulebussen. Reisefølgje kan vere eit mogleg verkemiddel.

For å sikre det *fysiske* miljøet, må skyssen gjennomførast i samsvar med dei tryggingsstandardane som generelt gjeld for offentleg transport (eksempelvis krav til forsvarleg sikring av lause gjenstandar).